


# Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

Og



## Villreinutvalet for Nordfjella

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Dykkar ref.:

Dykkar dato:

Vår ref.: 7-N/17swb

Vår dato: 28.02.2017

### Krav om opning av vilkårsrevisjon for Aurlandsvassdraget

Konsesjonane i Aurlandsvassdraget (KDB-nr. 251 og 464), som er samla til eit revisjonsobjekt med Rev.ID 502 i NVE rapport 49/13, kan få nye vilkår gjeldande frå 2019. Nordfjella villreinutval og Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd sett med dette fram vårt krav til NVE om å opne revisjonssak for Aurlandsvassdraget. Me ynskjer at det vert kasta lys på utbygginga sin påverknad på villreinstamma i Nordfjella, der ein får utgreia om det finst gode og gjennomførbare avbøtande tiltak. Fleire tema bør inkluderas i revisjonen, men me vil her berre omtale tema villrein, då det er det som ligg innanfor våre ansvarsområde og mandat.

Villreinnemnda har vore førebudd på å gje innspel til Aurland kommune, i det me trudde ville vere deira arbeid for å samle allmenne interesser i eit felles revisjonskrav. Aurland kommune fekk i brev datert 19.12.2017 ein oppmoding frå NVE om å sende inn eit eventuelt revisjonskrav med sine moment før 1. mars 2017, då NVE ynskte å handsame tidlegare innkomne revisjonskrav frå Aurland Elveeigarlag. Villreinnemnda var kopimottakar av dette brevet, der det m.a. var synt til innspel frå nemnda ang. vilkårsrevisjon.

Det syner seg at det finst motvilje hjå Aurland kommune til å fremje krav om revisjon, understreka av vedtak i Formannskapet 26.01.2017 om å tilrå kommunestyret å ikkje krevje revisjonsopning. Kommunestyret vedtok likevel at dei ville sende inn revisjonskrav i kommunetyremøte 02.02.2017. Det var klart at kommunen fram til då ikkje hadde arbeidd aktivt med noko kravdokument, det var kort tid fram til fristen, og villreinnemnda og villreinutvalet har difor funne det rett å fremje revisjonskrav på eigahand. Framlegg til revisjonskrav vart gjennomgått i fellesmøte mellom nemnd og utval på Bjøberg 27.02.2017. Kvart av organa gjorde vedtak om innsending av dette brevet i separate møter direkte i etterkant av gjennomgangen.

Me meiner at villrein bør vere eit viktig tema når vilkåra for konsesjonane i Aurlandsvassdraget skal reviderast. I vår felles høyringsuttale til Holsrevisjonen (ref 23.2-N/16) uttrykker me oss slik:

*«Kraftutbygging er mellom dei største arealinngrepa ein har i norske villreinområde. Tema villrein har fått ein eigen omtale i NVE rapport 49/2013, der ein anerkjenner Noreg sitt ansvar for arten og at kraftutbygging har hatt negative effektar på villreinstammene m.a. med avskjering av trekkveggar (Sørensen et.al. 2013). Norges Forskningsråd anerkjenner også problematikken gjennom å være hovudfinansør av forskingsprosjektet Renewable Reindeer; eit internasjonalt forskingsprosjekt under leiing av Norsk institutt for naturforskning (NINA). Prosjektet som starta opp i 2015, har m.a. fokus på å finne gode avbøtande tiltak av effektane frå kraftutbygging i Norske villreinområde. Nordfjella er eit av eksempelområda i forskingsprosjektet.»*

Nordfjella er sterkt råka av inngrep frå kraftbygging, både i form av reguleringsmagasin og i form av vegar. I ein artikkel i Villreinen 2014 gjev Bøthun og Strand ei overordna skildring av korleis kraftutbygginga har påverka villreinområdet. Her er utbygging i Aurlandsvassdraget og Lærdalsvassdraget omtalt samstundes, då dei dels har samverkande effekt.

*«Aurlandsvassdraget og Lærdalsvassdraget renner ut i hver sin dal, men magasinene er viktige innenfor det samme fjellplatået. Kvevatnet /Vestre Flågrunnsvatnet («Kvevatnet») og Nyhellervatnet/Store Øljuvatnet («Nyhelleren») ligger langs en linje fra Råsdalen/Øyridalen i Lærdal og sørover til Fv. 50. De to vannene har redusert trekkmulighetene øst-vest i vesentlig grad, men noen trekkruiter er fremdeles åpne. Det står igjen ett trekk i fjellpartiet mellom magasinene. Sør for Nyhellere er gjenværende viktige trekk en smal passasje som også er delt med en tursti. Nord for Kvevatnet finnes et område med tre trekkpassasjer. Det ene går rett nedenfor kraftdemningen. Ett trekk krysser en slak botn om lag midtveis på strekninga mellom dammen og bunnen av Øyridalen nedenfor. Det viktigste av disse tre, spesielt vår- og forsommer er det nordligste, som krysser Gravdalen, like over bunnen av Øyridalen som har stupkanter.*

*Nyhelleren var før oppdemming et område med en rekke mindre vann. Mellom disse trakk reinen. Så mange tidligere trekkruiter er kartlagt å gå over Nyhelleren at dette området må ha fungert som det reneste veikryss. I dag er utvekslingen av dyr mellom nordlige og sørlige deler av villreinområdet (hver sin side av Fv. 50) en utfordring. Kraftmagasinene og trekkmulighetene øst-vest er en del av dette bildet, fordi det gjør at områder der reinen har tilkomst til gode krysningpunkter har fått redusert bruk. I Knudsen (1989) er det gjort greie for hvordan de neddemte trekkrutene sammen med området sin topografi skaper soner som blir liggende i le for magasinene og som av den grunn har gått ut av bruk. Knudsen dokumenterer med stor detaljgrad de gamle trekkrutene basert på fangstminner og intervju av en rekke informanter. Her kan en også se hvordan tilkomsten dyra har hatt mot trekkpassasjer over Fv. 50 (da Rv. 50) også er sterkt negativt påvirket. Rapporten viser med stor tydelighet hvordan Nyhelleren, i samvirkning med Kvevatnet, faktisk berører hele Nordfjella villreinområde. I skjønnet leveres en sakkyndigrapport v. viltforvalter A. Gabrielsen og villreinforskerne E. Gaare og E. Reimers (1993) som legger fram trekkrutene og flyten i reinens bevegelser og områdebruk før utbyggingen. Videre skildrer forfatterne hvordan de blokkerte trekkene har endret ferdselsmønster og områdebruk, dokumentert gjennom observasjoner og ikke minst gjennom markante endringer i jaktutbytte i de berørte områdene. Forfatterne påpeker i sitt arbeid at: «Magasinet (mrk. Nyhellermagasinet) påvirker reines mulighet for å veksle mellom Aurlands barmarksbeiter og østkommunenes vinterbeiter.» Redusert jaktutbytte for rettighetshaverne ble da også en del av erstatningene som ble tilkjent etter Aurlandsutbygginga.»*

Eit intervju med ein fjellmann og aktiv jeger frå Aurland både før og etter utbygginga syner korleis påverknaden frå magasinet vart opplevd: 21.12.1987 gjorde fjellstyresekretær Harald Skjerdal eit intervju av Knut Åberge der Åberge fortel korleis rørslemønsteret til reinen er vorte endra med Nyhellermagasinet. Åberget skildrar dei tidlegare trekkrutene som no er demt ned, og uttaler m.a.: «Det er øydelagt det området no, mest då. Viss du ser på området rundt Nyhelleren, eg tenkjer då på Nosafjell og Sauvavad, så vert det nesten ikkje felt dyr der»

Presentasjonen av Aurlandsvassdraget som revisjonsobjekt i NVE rapport 49/13 anerkjenner og at utbygginga har hatt innverknad på villrein.

Villreinutvalet og villreinnemnda meiner det finst moglegheiter for avbøtande tiltak i Aurlandsvassdraget som er realistiske, og som kunne verke positivt på rørslemønster og arealbruk i villreinområdet.

I ein tilleggsmærknad til høyringsuttalen i Holsrevisjonen (ref. 23.3-N/16, vedleggsnotat lagt ved), gjeve på oppmoding, oppsummerer sekretariata i utvalet og nemnda dei neddemte trekka som er dokumenterte i villreinområdet jfr. NINA rapport 634, Villreinen i Nordfjella, status og leveområde (Strand et.al 2011). Her syner me påverknaden i alle dei 6 vassdraga i området (eit av desse ligg i grensesona mot Hardangervidda og inne i Hardangervidda villreinområde). Nyhelleren står fram med ei nøkkelrolle.

Skade på grunneigarrettene er erstatta med økonomisk kompensasjon, men dette gjeld berre dei direkte grunneigarane, medan inngrepet i realiteten har påverka heile villreinområdet og med det alle rettighetshavarane i villreinområdet. Me er kjende med at ein revisjon ikkje opnar for ny handsaming

av erstatningsspørsmål. Det er heller ikkje noko ynskje om nye økonomiske kompensasjonar, men om avbøting av skade ved å gje reinen tilbake ei betre utnytting av beiteressursane i fjellområdet.

I arbeidet med fastsetting av nye vilkår bør ein fokusere på to hovudmoment når et gjeld villrein:

- Verne trekka som gjev passasje forbi Viddalsvatnet. Særleg viktig er trekket over Viddalen nord for dammen, då dette er ei rute frå vinterbeite mot kalvingsland.
- Lette belastninga frå oppdemming av Nyhellermagasinet. Det bør greiast ut om
  - Moglegheita for reetablering av trekkruter ved å bygge tersklar. Sundet mellom Kongshellervatnet og Nyhellervatnet, ved Vampen har vorte peika på tidlegare. Sundet er smalt og grunt, og dyr trekk i dag ut på halvøya Vampen før dei stoggar mot sundet. Det er og grunne parti mellom Volanuttjørnan og Store Øljuvatnet, der det tidlegare gjekk viktige trekkruter. Grunnene vart synlege under nedtapping i samband med arbeid i magasinet i 1996. Grunnene kom også fram, og vart avbilda i 2006, då på grunn av særleg låg vasstand i magasinet m.a pga lite nedbør. Ved begge høve nytta dyr seg av gamle trekk. Eit djupnekart vil kunne syne beste plassering av landbru frå aust til vest. Ein samanbitting av aust- og vestsida av magasinet vil m.a. kunne opne for trekk frå aust inn i den sona som har fått sterkt redusert bruk etter utbygginga, noko som kan få positive ringverknadar for heile dynamikken i dyra sin områdebruk.
  - Moglegheita for å styrke trekkmoglegheita langs sørsida av Store Øljuvatnet og Kongshellervatnet ved justering av rutenett og evt. flytting av sjølvbetjent DNT hytte. Dette vil kunne lette trekket aust-vest både sør for magasinet og gjennom å lette dyra sin tilkomst til Vampen og vidare trekk herfrå dersom det vert etablert ein terskel her.

I villreinnemnda og villreinutvalet sin høyringsuttale til vilkårsrevisjon i Holsvassdraget understreka me heilskapen. Ein lyt sjå påverknaden frå kraftutbygging på heile villreinområdet, og vurdere dei moglege avbøtande tiltaka i lys av dette. Dette var også noko Miljødirektoratet framheva i sin høyringsuttale til Holsrevisjonen datert 20.01.2017. Når revisjonssakene på vestsida av villreinområdet no forhåpentleg kjem i gong, aukar dette moglegheita til å kople saman ressursar til tema frå fleire saker.

Med helsing Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og Nordfjella villreinutval

Lars Nesse  
leiar, villreinnemnda

Sigmund Tveitehagen  
leiar, villreinutvalet

Siri Wølneberg Bøthun  
sekretær villreinnemnda

Harald Skjerdal  
sekretær villreinutvalet

**Vedlegg:** Gjennomgang av neddemte trekk i Nordfjella med utpeiking av trekk det kan være mogleg å reetablere.

Kopi til:

Fylkesmannen i Buskerud, Postboks 1604, 3007 Drammen  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Nøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim  
Villreinrådet, v. Øystein Landsgård, 3630 RØDBERG